



Lab. medisinsk biokjemi – Informasjon desember 2016

S100B- Ny blodprøve for vurdering av hovudskade og indikasjon for CT

Frå 9.juni 2016 utfører laboratoriet analyse av S100B som kan nyttast til å utelukke alvorleg hjerneskade hjå pasientar som vert innlagt med hovudskade. Bruk av S100B i diagnostikk av hovudskadar skal redusere talet på CT-undersøkingar.

Bakgrunn

S100B er eit kalsiumbindande protein i astrocyttane. Dersom hovudskaden fører til knusing av hjernevev og intrakraniell blødning, vil S100B komme over i blodet. S100B kan nyttast som ein screeningprøve for å vurdere om det er indikasjon for CT. Positiv blodprøve kan vere teikn på alvorleg skade som må undersøkjast med CT av hovudet, medan ein negativ prøve tyder at skaden er så lett at CT ikkje er nødvendig.

Fordel ved innføring av S100B

Studiar har synt at rundt 90 % av pasientane som blir innlagt for hovudskade, har ein lett skade med negativ CT. Ved minimal eller lett skade med låg risiko bedømd ut frå Glasgow Coma Score (GCS) og klinisk undersøking, vil bruk av S100B føre til stor nedgang i talet på CT av hovudet; noko som er tilrådd av Statens strålevern for å redusere risikoen for strålingskader.

Retningslinjer frå Scandinavian Neurotrauma Committee (2013) for behandling av minimale og lette hovudskadar, syner samanhengen mellom klinisk klassifisering av hovudskaden og indikasjon for S100B og CT (sjå flytskjema).

Indikasjon for rekvirering av S100B

Merk at S100B berre skal nyttast ved hovudskade som vert klassifisert som «lett med låg risiko». Minimal skade med GCS 15 utan andre symptom, er ikkje i seg sjølv indikasjon for prøven, men kan takast i tvilstilfelle. Ved «lett skade med middels og høg risiko» og «moderat skade» går ein rett til CT utan å rekvirere S100B.

Tolking

S100B < 0,1 µg/l : Svært låg risiko for alvorleg skade. CT er ikkje indisert.

S100B ≥ 0,1 µg/l: Indikasjon for CT.

Prøvetaking

S100B skal berre nyttast hjå vaksne ≥ 18 år

Prøven må takast innan 6 timer etter at skaden skjedde

Prøvemateriale: serum, haldbar inntil 8 timar ved romtemperatur

Førde sentralsjukehus, 08. juni 2016

Rune J. Ulvik
Overlege

Åse Reikvam
Avdelingssjef

Vedlegg: Flytskjema/Indikasjon

Flytskjema som syner indikasjon for bruk av S100B og CT

